



Møteprotokoll for

Kommunestyret

Møtedato: 05.11.2020
Møtestad: Bryggjeslottet
Møtetid: 09:00 - 15:00

Orientering om mogleg datasenteretablering i Modalen ved Invest in Bergen klokka 0900

Orientering frå Modalen kraftlag klokka 1000

| Frammøtte medlemmer | Parti | Rolle | Merknad |
|---------------------------|-------|--------------|---------|
| Kjetil Eikefet | SA | Ordfører | |
| Kristin Nåmdal | SA | Medlem | |
| Ove Eidsnes | SA | Medlem | |
| Liv Anne Aanesen | SA | Medlem | |
| Anne Britt Almelid | SA | Medlem | |
| Marit Kristin Nese | SA | Medlem | |
| Roger Wilhelm Fure | SA | Medlem | |
| Ann-Jorunn Farestveit | SO | Varaordfører | |
| Robert Helland | SO | Medlem | |
| Håvard Engeseth | SO | Medlem | |
| Sigrunn Almelid Birkeland | SO | Medlem | |

| Forfall meldt frå medlem: | Parti | Rolle | Merknad |
|----------------------------------|--------------|--------------|----------------|
| Linda Neset | SO | Medlem | Meldt forfall |
| Ole Kristian Øvre Helland | SO | Medlem | Meldt forfall |

| Frammøtte varamedlemmer: | Parti | Rolle | Merknad |
|---------------------------------|--------------|--------------|-----------------------------|
| Nathalia Osmo Yndestad | SO | Varamedlem | Vara for Ole K Øvre Helland |

| Frå administrasjonen: | Funksjon: | Rolle | Merknad |
|------------------------------|----------------------|----------------|----------------|
| Jo Bjarte Tømmerbakke | Rådmann | Møtesekretær | |
| Ove Sæbø | Assisterande rådmann | Administrasjon | |
| Magne Verpelstad | Økonomisjef | Administrasjon | |

Sakliste

| Saknr | Tittel |
|----------|---|
| 042/2020 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 043/2020 | Godkjenning av møteprotokoll |
| 044/2020 | Referatsaker |
| 045/2020 | Orienteringssaker |
| 046/2020 | Framtidig organisering av Nordhordland digitalt |
| 047/2020 | Økonomirapportering pr 2. tertial 2020 |
| 048/2020 | Delegeringsreglement 2020 |

Notat frå møtet:

042/2020: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

043/2020: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Håvard Engeseth:

- Punkt om kultursti i kulturplan skulle endrast til sentrumsnær kultursti. Dette må visast i referatet.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

044/2020: Referatsaker

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

045/2020: Orienteringssaker

Behandling:

Invest in Bergen heldt ein presentasjon og la fram idèar for næringsetablering i Modalen.

Fokus: etablering av datasenter. Datasenter som er ein del av den globale infrastrukturen. Store bygg, særskildt energikrevjande verksemd. Det er hovudsakleg teknisk kompetanse som aktuell arbeidskraft lokalt for å drifte anlegga. Mogleg sysselsetjingseffekt kan vere frå rundt 12 - 30 arbeidsplassar i Modalen. I tillegg kjem arbeidsplassar i etableringsfase. Ikkje bruk for meir kraftproduksjon i Modalen. Internasjonal eksportvare.

Viktig for Invest in Bergen at Modalen kommune sjølv ynskjer å gå vidare med slike planar. Mogleg å vurdere å lage ein datasenter-strategi for Modalen. I tillegg vurdere folkemøte framover.

Modalen kraftlag v/ styreleder Vibecke Thorsen orienterte:

Viste til strategisk utvikling av Modalen kraftlag. Må framover dele selskapet 2; nettselskap og øvrig aktivitet. Orienterte om selskapet sin historiske situasjon, samt utfordringar i tida/marknaden og mogege retningsval.

Kort orientering om avtale om konsesjonskraft mellom Modalen kommune og Modalen kraftverk.

Ordføraren:

Tredje dag av folkevaldopplæringa er under planlegging og vil bli gjennomført etter nyttår. Tema: erfaringar så langt, kommunal eigarskap, habilitet og grunnleggjande opplæring i kraftskatt. Manglande avtale om pasienttransport. Det skulle ha vore eit møte med Helse Bergen i morgon 6. nov. kor Modalen skulle teke del. Grunna koronasituasjonen er det uvisse om møtet vert gjennomført. Det er vasla eit nytt anbod på veg ut til aktørar som kan drive pasienttransport. Enn så lenge kan ein vende seg til Helsesenteret for hjelp med søknad om refusjon av utgifter til transport.

Avd. for Infrastruktur, veg og forvaltning (Vestland fylkeskommune) har saman med ordførar og teknisk etat vore på synfaring av delar av vegstrekka i Modalen. Tilbakemeldinga var at dei var godt nøgde med korleis møtet vart gjennomført. Mogleg at ein med få kroner kan få utført større tiltak. Håpar difor å kunne få tilført økonomiske ressursar til gjennomføring av tiltak. Prioritering vert viktig. Ordførar vil sende inn prioriterte punkt til avdelinga. Ordføraren ber om innspel frå kommunestyret til kva som skal prioriterast.

Rådmannen orienterte om at tilskot Modalen kommune skulle fakturerast vedr. vegoppgradering mellom Mo og Romarheimskrysset no er utbetalt.

Rådmannen orienterte om at veterinærvaktavtale på dagtid. Dette som oppfølging av spørsmål frå repr. Farestveit i førre kommunestyremøte. Noverande avtale som gjeld Modalen og Vaksdal kommunar går ut 31.12.2020. Kommunane jobbar med å få til ny avtale som skal gjelde frå 1.1.2021.

Rådmannen orienterte og at Alver og Modalen har fått pengar (ca. kr. 800 000,-) som skal nyttast til utstyr til NH brann og redning. Møtet er gjennomført og det vart prioritert utstyr som omhandlar flaumvern. Dette vert stasjonert i Modalen.

Sigrunn Birkeland oppmodar om at sakspapira til kommunestyremøtet kjem ut tidlegare. For liten tid til å lese saksdokumenta før møtet. Rådmannen viste til at det er 1 veke som er den fristen kommunen har i dag, men at det vert tatt med tilbake til adm. for drøfting.

Håvard Engeseth ynskte drøfting omkring følgande:

Utfordringar knytt til sjukepleiarmangel. Ynskjer å tilby noko nytt, gjerne ein pakke som inneber bustad (leige), jobb og jobb til partner.

Ordføraren viste til at det må tenkjast nytt, og at ordførar og varaordførar bør ha ei rolle.

Rådmannen løfta fram at PLOMS-leiar også bør takast med i eit slikt arbeid. Ein bør i tillegg ha ei politisk dekning for spesielle tiltak som er målretta mot sjukepleiarproblematikken slik at ikkje andre yrkesgrupper opplever at dette vert feil.

Anne Britt Almelid: Det bør førebuast eit arbeid som til skal drøftast i kommunestyret som t.d. fagdag for kommunestyret.

Ordførar: har tidlegare drøfta med rådmannen om å gå saman inn mot utdanningsinstitusjonane og profilere Modalen kommune. Kanskje meir innsats inn mot utdanningsmesser m.m.

Sigrunn Birkeland: La til at ein gjerne kan nytte «folk på golvet» i marknadsføringa.

Kristin Nåmdal: Ber om at det vert satt ein dato for eit drøftingsmøte i kommunestyret, t.d. 2 timarsmøte.

Håvard Engeseth: Støttar forslaget frå Kristin. Det er kommunestyret som må leggje til rette for dei større tiltaka. Ikkje leggje dette på PLOMS-leiar.

Rådmannen: Føreslår eit slikt møte i føtstkommande kommunestyre over nyttår og at det bør inkludere PLOMS-leiar og tillitsvalde. Kommunestyret slutta seg til dette forslaget.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

046/2020: Framtidig organisering av Nordhordland digitalt

Behandling:

Rådmannen orienterte kort om bakgrunn for framlegget.

- ny kommunelov

- Alver har no blitt etablert som ny kommune / part - tidlegare var dette 3 kommunar.

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Det interkommunale samarbeidet Nordhordland digitalt etter tidlegare kommunelov § 27 vert oppløyst.

Nordhordland digitalt som administrativt samarbeid innan byggjesak, kart og oppmåling samt Nordhordland digitalt som eige rettssubjekt innan kart og geodata vert organisert inn under Nordhordland Utviklingselskap IKS (NUI).

047/2020: Økonomirapportering pr 2. tertial 2020

Behandling:

Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte om 2. tertialrapport og svara på spørsmål Samrøysts vedteke

Vedtak:

Rapport om økonomistoda vert teken til orientering.

Løyvingane i driftsbudsjettet for 2020 vert justert i tråd med tabellen i saksframlegget: Budsjettjustering drift 2020

048/2020: Delegeringsreglement 2020

Behandling:

Rådmannen orinterte om kva som låg bak kva som ligg til grunn for delegering frå kommunestyret. Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Modalen kommune vedtek delegeringsreglementet slik det ligg føre.
